

Schei-nemnd og kommunedeling.

Han Schei vert æra og kritisera. Men lever likevel, non-chalant.
Av mange takka. Av andre hakka til mindre verd enn ein koparslant.
Han tidi nytter og grensor flytter. Han vil nok endra vårt Noregskart.
Med' sume tvilar, og andre smilar, og trur han kan laga kvitt av svart.

På Lindåslande dei er i vande kor heradsgrensone no skal gå.
Det gamle senter med sju talenter, ei fårlag oppgjerd må bu seg på.
Dei firer, halar. Dei tingar, balar, før det ser ut til å verta storm.
Kor vil det enda? Kva vil vel henda, om stor-kommuna ein dag tek form?

I denne kriza, som mange prisa, Dei vraka vart som eit utskot, mest. :
"Me vil kje ha dei. Lat andre ta dei", slik lydde ropet frå vest-nordvest.
"Mot aust går draumen til Bakkstraumen. Dit når kommunen i Austerheim.
Me ei Dykk føder. Søk heller søder til Alversund eller gamle Seim".

Det gamle Hamre hev grunn å jamre. Den gamle kultstad på Osterøy.
For Scheien sliter det sundt i biter. Av så og blodtap det kjem å døy.
No herlegdomen i drift er komen. Og rek til Haus eller Alversund.
Den gamle skuta hev slutta ruta. Ho vann kje meir og vart sett på grunn.

Her vert nok snunad. Ei ny kommunen ser kanskje dag om ei liti tid.
Kva ho skal heita? Eg ikkje veit da. Men Lindås mullar om Asgard-Lid.
Å, hei og hå, san. Det får so gå san. Dei som får leva, dei får nok sjå.
Og til sin bunad den nykommuna, ein bit av Hamre vil truleg få.

Kvar Radøyværing som hev ei kjerring, no slærst med Scheien, so busti fyl.
Ein gordisk knute er knytt der ute. No ser det ut til at knuten ryk.
Kva vert fasitten i sulamittenør denne kokande hurlumhei?
Når ein vert driven til krig på kniven vil ingen eta sin mat med Schei.

Eg mest lyt smila. Mi tru på strila i siste omgang hev fått ein knekk.
Dei protestera, men lyt fallera for komiteen med pennig blæk.
Me vil nok finna at han vil vinna, om strilen vert både gul og grå.
Her sannast orde: Den eine store, han vinn nok bukt med dei mange små.

Johs. M. L. Rydland.